

Referat frå leiarsamlinga i Førde 8.11.2014

19 lag var representerte, og tilsaman var me 28 deltakarar.

Lokallagas time

Heving av momsgrensa

Vidar Heggheim frå Naustdal Sau og Geit kom med ei oppmoding til fylkeslaget om å ta tak i «momssaka»: Regjeringa har i sitt forslag til statsbudsjett føreslege å auke kravet om omsetnad innafor meirverdiavgiftslova frå kr 50 000 til kr 150 000. Me har ein stor del små bruk i fylket vårt, og mange vil ikkje ha moglegheit til å kome opp i ein å høg omsetnad. Det vil og bli vanskeleg å kome inn som nyetablerarar.

Me fryktar ein stor nedlegging av bruk viss dette forslaget kjem igjennom, og konsekvensane dette vil få for: Produksjonen av lammekjøt, busetnad og sysselsetting i distrikta, og attgroing av kulturlandskapet.

Framlegget om å ta vekk kravet til næringsoppgåve for føretak med under 150 000 i avgiftspliktig omsetning blei og diskutert. Desse føretaka vil då verte oppfatta som hobby, med dei konsekvensar det vil medføre. Det er og eit dårleg signal ovanfor dei som i dag driv ei seriøs næringsverksemd, at det over natta ikkje skal verdsettast meir enn som hobby.

Fylkesstyret skal skrive brev til stortingsrepresentantane/ fagлага, og nabofylka, med oppmoding om å gjere det same.

Kommunikasjonsflyt

Me i fylkesstyret erfarer at mykje av infoen me sender til lokallagsleiarane stoppar der, og ikkje når medlemmane. Til dømes er det ein del av medlemmane som ikkje har motteke medlemsinfo, og ikkje alle visste om Islandsturen i oktober i år. Denne infoen blir og lagt på heimesida. Me vil difor be alle lokallagsleiarane om å vidareformidle informasjonen som vert sendt ut til medlemmane sine, og til å minne dei som er på nett om å sjekke heimesida.

NSG jobbar med eit nytt medlemssystem, kor lokallagsleiarane har tilgang til medlemmane i sitt lag. Medlemmane sjølv kan og gå inn på si side. Dette skal etter planen vere klart på nyåret.

Diverse

- Media: Styret i SFSG blir oppmoda om å vere meir aktiv i høve til media, og det tek me til oss.
- Spørsmål om æresmedlem: Lokallaga betalar kontigenten. Burde eit fylkesledd eller NSG sentralt gjere dette? Det er og eit problem at årsmøtet må godkjenne oppnemninga av æresmedlem. Lagslovane skal ut på høyring til alle lokallaga. Det kjem opp på landsmøtet 2015.
- Skårfaste dyr: Vidar Sandal frå Breim Sau og Geit fremma forslag om å opprette baser med kontaktpersonar, i forskjellige område. Me kan sende ut ei oppmoding til lokallaga om å finne aktuelle personar til dette, og lage eit oversyn på grunnlag av dette. Beitelaga har pengar, det vil vere naturleg at dei kan bidra økonomisk til dette. Viktig at utstyret er i orden, så ein ikkje set menneskeliv i fare.
- Kadaverettersøkshund: Erfaringar frå fylket viser at det ikkje er ideelt å bruke gjetarhundar til kadaverettersøk, då dei lett blir forvirra av dette. Me bør oppmode interesserte personar med andre typar hundar om å delta på kurs. Det bør vere krav til dei som tek kurset at dei går opp til prøven.

Innspel til jordbrukstingingane 2015

Me har fått invitasjon frå Bondelaget om å delta på ei samling om temaet 11. desember, og vil prøve å få til eit førebels utkast til då. Fristen frå NSG sentralt er 1. februar.

Dette er punkt som blei teke opp i salen:

- Me må passe på den strukturen som er att. Det går mot ein flatare struktur. Me ynskjer ei auke i botn. Forenkling skal ikkje vere målet.
- Midlane må fordeles så både små/ store gardar, og gode/ mindre gode distrikt skal få stønad.
- Overvintringssau blei nemnd, og her var det delte meiningar. Fleire innspel om at me bør prioritere dei store linjene; strukturen denne gongen.
- Avløyserordninga er på veg nedover, må styrkast.

- Vidar Sandal orienterte om førebuingar til jordbruksforhandlingane i høve til mjølkegeit: Mange leiger mjølkekvote. Dette burde avgrensast i tid, så dei som leiger etter kvart kan kjøpe. Ein bør behalde/ auke utmarkstilskottet. Det er 5 års smittesikring etter sanering, og økonomien må sikrast. Det har skjedd ein auke i slaktetilskottet til kje, må aukast meir. Hobby- og kjøttgeitebruk må klarerast i høve til sanering. Geitegruppa må ta kontakt med kystgeit- og dei andre geitemiljøa i høve til innspel.
- Det blei oppnemnd ei gruppe som skal lage eit utkast til møtet 11. desember. Dette blir sendt til lokallaga i forkant. Gruppa består av : Lars Nesse, Svein Helge Hovstad og Vidar Heggheim.
- Me vil gje lokallaga moglegheit til å ha jordbrukstingingar som tema på årsmøtet. Me må ha forslaga inne til 1. februar. Ragnhild vil be om at me kan i fylket kan få utvida frist til nokre dagar inn i februar, så me får gått igjennom desse.

Beitesesongen 2014, kva kan me lære til 2015?

- Vidar Heggheim frå Naustdal Sau og Geit fortalte om beitesumaren deira i 2014 i: I august blei det gjort unormale funn, og det blei skrive «usikker ulv» i rapporten. Dette gjer moglegheit for erstatning. Bortimot 40 kadaver var funnet før ulv blei stadfesta. Dei var heile tida obs på omdømmet til næringa, og var forsiktige i sine uttaler. Dei fekk fellingsløyve frå fylkesmannen, men ikkje pengar. SFSG blei oppmoda om å få på plass ein startkapital til felling. Til dømes kunne sauebøndene betale inn 2 kr pr dyr til eit fond.
- Å ta ut eit skadedyr bør gjerast på skadefellingsløyve, ikkje lisensjakt. Denne skal vere bestandsregulerande. Det er fleire hjelpemiddel tilgjengeleg ved skadefellingsløyve. Me bør tipse jegarar om å registrere seg som lisensjegarar. Lokallaga bør lage ei liste over interesserte jegarar. Desse bør få teke prøven alt i mai, dersom det vert aktuelt å nytte dei under skadefellingsløyve i beitesesongen. (Krav for å vere med).
- Det er viktig at næringa samarbeider om sporfunn. Dette bør gå gjennom lokallaga, som oppmodar alle i og utanfor næringa til å vere med på å dokumentere sporfunn ved gode høve. Så får ekspertane avgjere kva funna seier.

- Fellingslaget har lite middel. Lokallaga/ beitelaga bør ta ansvar for å lage ein beredskapsplan dei kan nytta, med til dømes kart, vegar, hytter... Fylkesmannen skal utarbeide ein ABC som går ut på dette.
- Ein bør kunne kontakte SFSG får å få råd når ein blir råka av rovdyr, til dømes kva ein skal seie til media.
- Falleferdige hus er og ein fare for beitedyr i nokre område.
- Korleis vere godt rusta til neste beitesesong? For det fyste må ulven vekk. Elles er det viktig å henge opp plakatar som går på tilsyn og påminning om bandtvang. Plakatar får ein bestilt frå <http://www.nsg.no/utmarksbeite> Her finn ein og slipsmerkinga som NSG anbefalar. Viss alle etter kvart brukar same system, blir det og lettare for folk utanom næringa å setje seg inn i dette.
- Problematikken sau/ hund blir eit mogleg tema på fylkesårsmøtet.
- Instruksen til SNO bør endrast.